

Gjeldande frå 01.08. 2018. Godkjent av skuleutvalet 27.08. 2018

§1 INNLEIING

Fastsett med heimel i LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova (oppl))

Forskrift til Opplæringslova av 23.06.2006 nr 724,

Forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vedtatt i hovudutval for opplæring sak 6/07, revidert i sak 02/09, sak 4/14 og sak 22/17, LOV-1967-02-10 nr 00: Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker, Udir-1-2010-Individuell vurdering i grunnskolen og vidaregåande opplæring etter forskrift til opplæringsloven kapittel 3, Udir-2- 2010- Retten til eit godt psykososialt miljø etter opplæringslova kapittel 9a.

§2 FORMÅL

Ordensreglementet gir reglar for elevane sine rettar og plikter. Etter Opplæringslova § 9a har alle elevane rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Ordensreglementet inneheld reglar for :

- oppmøte og fråvær
- orden og åtfærd
- tiltak overfor elevar som bryt reglane og om framgangssåten ved handsaming av slike saker

§3 VIRKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for alle som er under opplæring ved skulen: elevar på ST og YF, elevar i vaksenopplæringa, lærlingar, hospitantar og andre som får opplæring i skulen sin regi. Heretter blir desse elevgruppene omtala som "elevane". Reglementet gjeld òg ved aktivitetar utanfor skulen sitt område når dei føregår i skulen sin regi (t.d. ekskursjonar).

§4 RETTAR FOR ELEVANE

Elevane har rett til

1. vidaregåande opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med gjeldande lover og forskrifter (jf Oppl. §3,1)
2. tilpassa opplæring, hjelp og støttetiltak ved sjukdom eller omsorgsansvar.
3. i samarbeid med klassen/gruppa og lærarane har elevane rett til å delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.
4. rettleiing og tilbakemelding undervegs i høve til måla det blir arbeidd etter. Det skal gjennomførast førebudde elevsamtalar mellom elev og kontaktlærer/faglærer.
5. å opprette elevråd (jf. Oppl. §11-6).
6. rådgjeving om utdannings- og yrkesval (jf Oppl § 9-2 og forskrift til denne § 22, 1-4)
7. hjelp og oppfølging frå PPT og helsesøster.
8. å drive med politisk og organisatorisk arbeid. Etter avtale med rektor kan dette også skje i skuletida.

§5 PLIKTER FOR ELEVANE

Elevane har plikt til

1. å rette seg etter dei reglar, forskrifter og lover som til ei kvar tid gjeld.

2. å ta ansvar for eiga læring, å samarbeide med andre og skape eit godt arbeidsmiljø, slik at alle trivst og blir respekterte.
3. å møte presis til undervisninga, halde dei tidsfristane som skulen set og delta aktivt i undervisninga for å gi læraren høve til å gje vurdere ut ifrå kompetansemåla.
4. å delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av undervisninga.
5. å følgje reglar som gjeld for bruk av spesialrom og verneutstyr.
6. å skaffe seg læremiddel, materiell og utstyr som trengst i opplæringa.
7. å følgje reglar for ekskursjonar, utanlandsturar og andre arrangement i skulen sin regi.
8. å behandle skulen sin eigedom med varsemnd og omtanke. Hærverk og skade medfører erstatningsansvar (jf. skadeerstatningslova)
9. å overhalde teieplikta dersom ein gjennom arbeid, oppdrag eller verv får kjennskap til opplysningar som er underlagt teieplikt (jf. §13 i forvaltningslova).

§7 ORDEN OG ÅTFERD

For å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø med aktiv deltaking, er det viktig å vise respekt og medansvar for kvarandre.

1. Elevane skal syne god åtferd og god orden (jf. §3-5 i forskrift til opplæringslova om kriteria for karakteren i orden og åtferd).
2. Alle må opptre høfleg og realt overfor kvarandre. Plaging, mobbing, vald eller anna krenkjande åtferd blir ikkje akseptert, og alle pliktar å hindre at dette skjer.
3. Det er viktig for trivselen at det blir halde god orden på skulen: inne (særleg i kantina) og ute.
4. Det er forbode med tobakksbruk, e-sigarettar inkludert, i skuletida. Heile skuleområdet skal vere tobakksfritt heile døgeret (jf. lov om endring i tobakkskadelova kap. 5, §27 og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular §18).
5. Det er forbode å bruke, oppbevare, omsetje eller vere påverka av alkohol eller andre rusmiddel på skulen sitt område.
6. Det er forbode å ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.
7. Det er forbode å nytte mobiltelefon og elektronisk opptaks-/avspjelingsutstyr i skuletimane, unntatt i samråd med lærar.
8. Det er forbode å ete i undervisningstimane. På dataromma, auditoriet og språklab er det forbode med mat og drikke.
9. På Dale vgs er det forbode å laste ned, lese eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna krenkjande materiale som er i strid med norsk lov.
10. Det er forbode å delta på chattekanalar i undervisningsøktene, unntatt i samråd med lærar.
11. Det er forbode å installere program på skulen sine pc'ar utan løyve frå faglærar.
12. Elevane får merknader viss dei kjem for seint, ikkje held innleveringsfristar, gløymer utstyr til timane. Ein risikerer å få nedsett ordenskarakteren dersom ein har ca. 10 merknader. Dette blir avgjort etter skjønn i klasselærmøte. Tilsvarande gjeld for åtferdskarakteren.
13. Elevane skal ha éin karakter i orden og éin i åtferd. Følgjande skal nyttast:
 - a) God (G). Vanleg god orden og vanleg god åtferd.
 - b) Nokså god (Ng). Klare avvik frå vanleg orden og vanleg åtferd.

c) Lite god (Lg). I ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og vanleg åtferd.

§7 INTERNETTBRUK

Utover reglane for internettbruk som er oppgitt i §5, viser vi til det vedtekne IKT-reglementet for elevar og tilsette i Vestland fylkeskommune, sjå skulen si heimeside.

§8 FRÅVÆR

Sjå felles fráværreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane her.

§9 FUSK ELLER FORSØK PÅ FUSK

1. Det blir rekna som fusk dersom ein elev kopierer andre sitt arbeid, lastar ned informasjon og leverer det som eige arbeid utan kjeldetilvising.
2. Det blir rekna som fusk å gjere bruk av ikkje-tillatne hjelpemiddel under prøver, ulovleg elektronisk utstyr (t.d. smartklokke/-telefon), kommunikasjon eller fuskelappar.
3. Det blir rekna som fusk dersom ein prøver å hjelpe andre under prøver.
4. Dersom ein elev blir tatt i fusk eller forsøk på fusk, avgjer læraren om eleven skal visast bort eller om ho/han skal få fullføre prøva. Faglæraren kan bestemme at prøva skal ha strykkarakter og at eleven må ta opp att prøva for å få termin- eller standpunkt-karakter. Fusk får også følgjer for åtferdskarakteren.
5. Dersom ein elev blir tatt i fusk eller forsøk på fusk på eksamen, avgjer eksamensreglementet straffereaksjonane (jf. skulen side heimeside).

§10 EKSKURSJONAR OG STUDIETURAR

Det er frivillig for elevar å delta på ekskursjonar/studieturar, og det skal lagast alternative opplegg for elevar som ikkje ynskjer å delta. Elevar som ikkje er myndige, må ha løyve frå føresette for å kunne delta på turar til utlandet. På ekskursjonar i inn- og utland blir det sett opp eigne reglar og avtalar som byggjer på ordensreglementet (jf. reglement for utanlandsturar ved Dale vgs). Ved brot på desse reglane kan eleven bli sendt heim på eiga rekning.

§11 SANKSJONAR MOT BROT PÅ ORDENSREGLEMENTET

Brot på reglementet fører til reaksjonar mot eleven i form av refsingstiltak og nedsett karakter i orden og åtferd.

1. Faglærer kan vise eleven bort frå klassen for resten av timen.
2. Påtale frå skuleleiinga/rektor.
3. Rektor kan vise eleven bort frå skulen resten av dagen.
4. Bortvising av eleven i 5 dagar etter avgjerd av rektor.
5. Fylkesdirektøren har mynde til å bortvise for resten av skuleåret (delegert mynde frå fylkesrådmannen, jf delegeringsreglementet for fylkeskommunen).
6. Erstatningsansvar
7. Kontakt med heimen og involvering av føresette.
8. Melding til politiet.

Eleven har rett til å forklare seg før refsingstiltak blir sett i verk. Ved særskilde vedtak skal rektor rådføre seg med lærarane til eleven og vurdere alternative tiltak. Særskilde tiltak blir rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Eleven har såleis rett til dokumentinnsyn, partsuttale og rett til å klage på vedtak om

bortvising, jf. kap. IV-VI i forvaltningslova. Eleven har krav på rettleiing om partsrettar og framgangsmåte ved klage. Formell klageinstans for vedtak er fylkesmannen.

§12 SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM/FØRESETTE

Skulen legg vekt på godt samarbeid med heimen. Føresette for umyndige elevar har krav på god informasjon om forhold som har noko å seie for i kva grad det er mogleg for eleven å nå målet med opplæringa. Foreldremøte og samtale mellom føresette og lærarar er viktig.

Elevar og føresette til umyndige elevar har rett til:

1. melding om termin- og standpunktarakterar med klagerett
2. varsel ved fare for ikkje vurdering og nedsett karakter i orden og åtferd.
3. melding om gjentatte refsingstiltak.
4. melding om høgt fråvær.
5. informasjon om ekskursjonar/skuleturar og reglane som gjeld.
6. informasjon om partsrettar i samband med særskilde tiltak ved brot på reglement.
7. informasjon om særlege problem i opplæringa/skulegangen og behov for spesialundervisning.
8. informasjon om ordensreglementet for skulen (jf. skulen si heimeside).

§13 ORGANISASJONSARBEID OG POLITISK AKTIVITET I SKULETIDA/PÅ SKULANE

Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.

§14 TILLEGGSRGLEMENT

I tillegg til ordensreglementet har skulen tilleggsreglar for

1. elevar på utanlandsreise
2. verkstadbygget
3. prøver og tentamen
4. eksamensreglement (jf. skulen si heimeside)

REGLAR FOR ELEVAR PÅ UTANLANDSREISE

1. Turen er arrangert av skulen og elevane er derfor bundne av det vanlege skulereglementet så lenge turen varer.
2. Alle arrangement av fagleg karakter er obligatoriske. Dersom ein elev ikkje møter opp, blir det rekna som fråvær.
3. Det er ikkje lov å nytte rusmiddel på reisa eller under opphaldet.
4. Ordensreglane på overnattingsstad må følgjast nøye. Les dei, vis vanleg folkeskikk og hugs at du representerer skulen du går på. Kjem du i skade for å øydeleggje noko, så meld straks frå. Det skal vere ro frå klokka 23.00.

5. På kveldstid bør ein så langt det går vere to i lag, når ein går ute. Hugs å melde frå til leiarane om kven du er i lag med. Oppgje minst eitt mobilnummer som de kan treffast på, meld frå kvar de går og kva tid de kjem tilbake til overnattingsstad om kvelden. Dersom dagen etter inneheld faglege aktivitetar, skal ein vere tilbake på overnattingsstad til kl. 23. Elevane har sjølve ansvar for å komme seg opp om morgonen og vere klar til frukost og aktivitetar til avtalt tid.
6. Turdeltakarane har plikt til å rette seg etter dei reglane som gjeld der ein til ei kvar tid oppheld seg. Det gjeld t.d. reglane som er gjevne av vertsfamiliar, hotell, institusjonar, transportørar, guidar osv. Vis vanleg folkeskikk og oppfør deg slik at du ikkje er til sjenanse for andre. Den som ikkje følgjer dei reglane som til ei kvar tid gjeld, risikerer å bli utestengd frå resten av turen. Dersom nokon blir utestengd etter at reisa har begynt, kan vedkommande bli pålagt å koste heimreisa sjølv, utan å få tilbake noko av det som eventuelt på førehand er innbetalt for reise og opphald.

REGLAR FOR VERKSTADBYGGET

1. Før opplæringa skal elevane skifte til arbeidskle i garderoben.
2. Elevane skal halde god orden, bruke verneutstyr og følgje dei vernereglar som gjeld i faget.
3. Medan undervisning pågår har ingen utanforståande rett til å opphalde seg i verkstaden.
4. Lærar avgjer om elevar kan få låne med seg utstyr/verktøy frå verkstaden.
5. Verktøy, maskiner og anna utstyr skal brukast med omtanke og haldast i god stand. Etter bruk skal utstyret reingjerast og klargjerast.
6. Den som øydelegg utstyr må yte erstatning - viss ikkje hendinga er eit hendeleg uhell.
7. Elevane må ikkje forlate verkstaden/arbeidsplassen utan løyve frå faglærar.
8. Ordninga med ein ordenselev på verkstaden går på omgang mellom elevane. Ordenseleven har ansvar for at det blir rydda i verkstaden, men alle elevane skal ta del i ryddinga. Lærar skal godkjenne oppryddinga før elevane forlèt verkstaden.
9. På verkstaden avsluttar ein dagen med 10 min. rydding og 5 min. klesbyte. Fredag er ryddetida heile 20 min.
10. Det er ikkje tillate å gå i kantina med kjeledress.

REGLAR FOR PRØVER OG TENTAMEN

1. Eleven skal sjølv ha med seg nødvendig utstyr (pc, blyant, penn, linjal, viskelær, korrekturlakk) og hjelpemiddel (ev. ordbok etc.).
2. Det skal ikkje vere kontakt mellom elevane. Lærar formidlar kontakt om nødvendig.
3. Lærar held oppsyn med elevane.
4. På heildagsprøver er det utfølging av elevar, max 5 elevar pr. gong, ca. 5 min.
5. Viss fri individuell utlufting, skal ikkje friminutta nyttast.
6. Det er forbode å bruke mobiltelefon, smartklokke e.l. eller å ha lyd på øyret.
7. Eleven mistar retten til ny tentamen/prøve dersom ho/han ikkje melder frå til skulen i forkant av prøva og har gyldig fråværsgrunn.
8. Dersom eleven ikkje har gyldig grunn til å vere vekke frå tentamen/prøver, så avgjer faglærar om eleven skal ha ny prøve.

9. Elevar som har tapt retten til ekstraprøve og som ikkje har grunnlag for standpunktkarakter, må gå opp som privatist i faget.